



ISELIN MERKESDAL

## Velkommen til Kulturdagar i Arna

**19.–28. april er det tid for dei årlege kulturdagane i Arna. Under finn du smakebitar frå det rikhaldige programmet. Fullt program finn du på kommunens heimesider og på Facebook-sida "Kulturdagar i Arna".**



ARNE ARSETH

**Danseaftan med Løen storband**  
19. april klokka 20.00, Kulturhuset Sentrum. Konsert med variert repertoar. Aldersgrense 18 år. 250 kroner, billetter i dør eller på [eventim.no](http://eventim.no). Arrangør: Kulturhuset Sentrum I/S

**Open gard på Soltun besøksgard**  
20. april klokka 10.00–14.00. Kom og opplev alle dyra på garden. Det vert og hesteriding og -køyring og open kafé. Inngang 50 kroner, betaling med Vipps i porten. Arrangør: Soltun besøksgard.

**Offisiell opning av Kulturdagane**  
20. april klokka 18.00, Arna kyrkje. Klassisk møter jazz i konsert med fløytist Knut Magnus Bøen, pianist/organist Olav Arne Steinkopf, bassist Ole Amund Gjersvik og trommeslagar Sigurd Steinkopf. Arna skulekorps spelar. Utdeling av kulturpris. Gratis. Arrangør: Arna og Åsane kulturkontor og Arna sokneråd

**Historisk vandring til Spåken**  
21. april klokka 11.00, oppmøte ved Arna stadion, Brurastien. Historisk tur. Vidar Rønhovde fortel mellom anna om om hyttebyen og 17. mai -feiring under krigen. Gratis. Arrangør: Ytre Arna Historielag



GRETHE BERGE

**Opning av kunstutstilling i Ådnatun**  
21. april klokka 13.00, Ådnatun museum. Opning av utstilling av biletkunstnarar Grethe Berge og Kjell Stig Amdam. Open kafé. Husflidutstilling og lynlotteri ved Arna husflidslag. Gratis. Arrangør: Arna Sogelag

**Korglede i Arna**  
21. april klokka 19.00, Arna kyrkje. Felleskonsert med Haukeland Songlag og Trengereidkoret. Inngang 200 kroner, gratis for dei under 16 år. Billettsal i dør og hjå kormedlemer. Arrangør: Haukeland Songlag og Trengereidkoret

**Når demens rammar familien**  
24. april klokka 19.00, Kulturhuset Sentrum. Nestleiar i Bergen demensforening Harald Thue informerer om demens og deler erfaringane sine. Underhaldning av Wenches Glade Trubadurer. Billetter 100 kroner i døra. Arrangør: Ytre Arna Sanitetsforening

**Open dag på Arna brannstasjon og Det branntekniske museet**  
23. og 25. april klokka 16.00–19.00, Arna brannstasjon. Me viser fram gammalt og nytt brannmateriell. Me har og ein veteranbrannbil. Gratis. Arrangør: Bergen Brandkorps Historielag og Arna brannstasjon



ØYSTEIN SIMONSEN

**Guida tur til dagsturhytta Ådnabu**  
25. april klokka 17.00, oppmøte og parkering ved Ådnamarka skule. Me går på sti til den nye dagsturhytta, med nokre stopp undervegs. Bjørn Ove Eliassen er guide. Gratis. Arrangør: Arna Frivilligsentral



MORTEN BIRKENES

**Kulturtog Arna–Haukeland: Frå venterom til venterom**  
27. april klokka 10.00, Arna Gamle Stasjon. Avgangar frå klokka 10.00. Jernbanelapskaus og drikke frå klokka 10.50. Opning av venterom klokka 11.25. Togbilletter 120/80 kroner (tur/retur) kjøpast på [ticketmaster.no](http://ticketmaster.no), i billettluke og på toget. Arrangør: Museet Gamle Vossebanen

**Kulturdagen i Ytre Arna**  
27. april klokka 09.00–16.00. Kaféar, utstillingar, omvisingar, aktivitetar og underhaldning i Ytre Arna. Sjå program og prisar i programmet for Kulturdagar i Arna. Arrangør: Arne Musikforening.



MYS GENES UGHS

**U18 Metalkonsert:**  
Forceded Horsehead og Reveria  
27. april klokka 18.00, Ådnahall kulturverksted. Rusfri konsert som og er open for deg under 18 år. Gratis. Begrenset med plasser. Billetter: [tikkio.no](http://tikkio.no). Arrangør: Arna DIY



BEATI SVEV

**Poesikonserten "Blått svev"**  
28. april klokka 18.00, Arna vidaregåande skule. Skodespelar Hildegund Riise framfører dikt av Jon Fosse, til nyskriven musikk ved Benedicte Maurseth (hardingfele) og Sigbjørn Apeland (trøorgel). 100 kroner for medlem i mållaget, 200 kroner for andre. Billettsal i dør. Arrangør: Arna Mållag

Fullt program på [bergen.kommune.no](http://bergen.kommune.no) eller ved å skanne qr-kode:

